


KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4

JULI 1986

40. årg.



VÅRLØYSING I EKSO. VAR DET SISTE GONGEN VI SÅG ELVA SLIK?

jorda, for det
er ved Jerusa-
til den store
skal du sver-
r du kan ikkje
vitt eller svart.
3 eit nei vera
nn det, er av

Luk 6,29 – 30)

1: Auga for
"Men eg
: imot den
. Om no-
innet, så
il nokon
di, så lat
nokon
ylg han
og snu
åna av

– 36)

skal
din.
ane
jer
ar
si
t
Fader
du
"Når
opp o
trur a
brukar
dei! Fa
de bed
såleis:

Fader
du

Lat n

Lat ri

Lat vi

så so

"Gjev os

12 Forlat o

som vi ò

våre s

13 Før oss i

6,13 Den siste del
nytta i gudstenesta

6,1 23,5
36,23
10,13; 2 Tess 3,3
Matt 9,14

6,19 Jak

6,21; Ord

6,10 26,42

1 Tim 6,9

6,13 ff

6,12 Sal

6,14 Mark

11,25; Ef

4,32; Kol

3,13 6,20,19,21

6,15 18,35

6,24 Luk

16,13; 1 Kong

18,21

MATTEUS 6

Ære av menneske – ære av Gud

6 Akta dykk at de ikkje gjer dei gode gjerningane dykkar for augo på folk, så dei skal leggia merke til det. Då får de inga løn hjå Far dykkar i himmelen. ²Når du gjev til dei fattige, så blås ikkje i basun om det, som hyklarane gjer i synagoge. ³For om de tilgjev andre menneske den urett dei gjer mot dykk, så skal Far dykkar i himmelen.

men frels oss frå det vonde. ⁷[For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.]

"For om de tilgjev andre menneske den urett dei gjer mot dykk, så skal Far dykkar i himmelen.

VORDE HELLIGET

"Jeg skjønner ikke vorde", skrev en av konfirmantene. De skulle si hva de syns var vanskelig i Fader Vår. Nei, da får vel vi gamle gi oss, enda vi syns helliget vorde lød svært så greit. Så får vi støre og stamme det fram sammen så godt vi kan: La ditt navn holdes hellig.

Hellig, det betyr noe som skiller seg ut. Noe helt annerledes enn det vanlige. Noe som du kan regne med selv om alt annet forandrer seg. Vi ber altså om at navnet til Gud hele tiden må bety noe spesielt for oss. Noe trygt.

Da gjeldet det å ikke slenge Guds navn rundt i luften uten mening. Åherregud, hører vi rett som det er. SJØTT med det! må du si da. Hvis du hører noen bruker Guds navn til ingenting, til gudskejlov og herregud og jøssenamn, da må du si fra at det er farlig. Hva skal vi bruke til å be med, da, hvis ordene er brukt opp på tullprat?

Heldigvis, vi skal få be. Vi skal få be til Fader Vår. Vi skal få be ham gripe inn, kalle på mennesker, så mange flere begynner å bruke navnet hans til å be. Da vorder hans navn helliget.

Vi skal få be for dem som står Gud imot, for dem som vil kristendommen til livs, for dem som forfølger de kristne. Vi kan be om at de får se Jesus, se hvor glad Jesus er i oss, se Guds utstrakte hånd. Da blir Guds navn helliget, når noen får se det.

Det er jammen en fantastisk bønn vi får be. Enten vi velger den gamle eller den nye oversettelsen. Det er ikke forgjeves å be. Det viktigste i verden, er å be!

Øyvind Hartberg

Welsk ord for pengar, gods og rikdom.

truleg lagd til då bøna var

1,13 ff 5,10,8 5,13; Dan 6,11 6,7 Fork 5,1 6,9 3 Mos 22,32; Esek 6,12 Sal 32,5; Matt 18,21 ff; Ef 4,32 6,13 Mark 14,38; 1 Kor 6,14 Mark 11,25; Ef 4,32 6,15 18,35 6,16 Jes 58,3 ff;

- om gudstenesta

NY SERIE.

Mange synest at gudstenesta er tung og vanskeleg. I ein del nummer framover vil vi freista å gje litt hjelp med dette. Det er ikkje så mykje som skal til før ein forstår ting som ein ikkje har tenkt over tidlegare. Og eg trur at det er mange som veit lite om gudstenesta sjølv om dei kan hende går fast i kyrkja.

Vi tek til med nokre ord om

Inngangshelsinga

Dette er dei fyrste ord som lyder frå altaret under gudstenesta. Presten seier: "Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus."

Denne helsinga er svært gammal. Paulus nyttet henne til dømes i nokre av breva sine. Ho inneheld eit ynskje og ei bøn om nåde og fred for alle som er til stades.

På dette viset går det fram at gudstenesta er annleis enn dei fleste andre samlingar. Det er ei samling om Jesus Kristus. Det er han som kjem med nåden og freden frå Gud.

Nåden – det er den heilt ufortente tilgjevinga og godhugen som Gud rekjer oss gjennom Jesus.

Freden – det er den tryggleiken og gleda som spring ut av eit rett forhold til Gud.

- Kan vi ynskja kvarandre noko betre?

Kjell Arne Norum



Fra gudstenesta i Vaksdal kyrkje 8.juni i år.
Det var utdeling av "Vi går i kyrkja" til 1. og 2.-klassingane.

Litt av hvert

Innkskriving av konfirmantar

Dei som skal konfirmerast neste vår, skal no ha sendt påmelding til prestane. Kan hende det fortsatt er ein og annan etternølar - dei lyt senda påmelding snarast.

KANO

Bergsdalsstemna

10. august er dagen for det tradisjonsrike Bergsdalsstemna.

Det er no 113 år sidan det fyrste stemnet. Heilt fram til 1965 var det garden Rødland som var tilskipar. Samlingsplassen var då løa på Rødland, og mange vil vel enno minnast "Rødlandsmøtet", som det vart kalla tidlegare.

Fra 1965 har Bergsdalen sokneråd teki over ansvaret for tilskipinga, og samlingsstaden er no kyrkja. Det heile tek til med gudsteneste kl.11.00 v/Inge Chr. Meidell. Så vert det matpause med salg av drivle, kaffi og brus. Anna mat må kvar einskild ta med. Derefter vert det leikar for både store og små.

Det vert og eit møte på ettermiddagen, med song og musikk, og med høve til å koma med ei helsing for den som kjenner trong til det.

Soknerådet vonar at mange vil finna vegen til Bergsdalen denne dagen.

Har du bil?

Ta andre med deg når du kører til kyrkje!!!
- og stemne!



Søndagsskulens dag

31. august skal søndagsskulens dag feirast. Av di kommunen vår er så vidstrakt, vert det samlingar på to stader:

STANGHELLE - for søndagsskulane i Bergsdalen, Dale, Stanghelle, Vaksdal og Stavenes.

STAMNES - for Ekse, Lavik, Eidsland, Nordgrend, Stamnes og Straume. Båe plassar tek det til kl.11.00 med gudsteneste. På Stamnes vert Meidell med, og på Stanghelle vert det Norum.

Det vert sal av kaffi og brus etter gudstenesta. Mat må vi ta med sjølv. Det vert også leikar for både barn og vaksne.

På Stanghelle vert det eit ettermiddagsmøte. Der kjem Reidun Skurtveit og held andakt.

Så seier vi vel møtt til alle! Om du eller dine barn ikkje er med i søndagsskulen frå før, så kom likevel! Dette vil vera ein fin måte å bli meir kjent med dette arbeidet på.

Fjellvandringsleir

I august får du høve til å utforska flott vestlandsnatur, med utgangspunkt i Eksingedalen.

14.-17.aug. vert det arrangert ein fjellvandringsleir for ungdom frå 13 år og oppover. Det vil gå ut særskilt innbyding til neste års konfirmantar, men alle er velkomne.

Utgangspunktet for turen blir Fagertun leirstad i Eksingedalen. Nærare opplysningar hjå:

Samemisjonen i Bergen, tlf.31 65 06 eller Sokneprestkontoret på Dale, tlf.59 61 20

Om gravstøtter - ei oppmoding

På fleire av gravplassane i kommunen kan ein sjå gravstøtter som står på skakke og skeive. Går ein bort og rugar på dei, kjenner ein at dei er


lette å velta over ende. Slike støtter kan vera svært farlege, særleg for barna. Både liv og lemmer kan i verste fall verta truga.

Ansvaret for å halda grava i stand kviler på dei pårørande. Reglane er heilt klåre: Gravstøtta skal boltast til sokkelen med minst ein og helst to boltar i rustfritt materiale.

Vi veit at det er mange som ikkje kjenner til desse reglane. Difor gjer vi no merksam på dei gjennom kyrkjelydsbladet. Dersom nokon har spørsmål om desse sakene, lyt dei retta til kyrkjeverja på staden. Kan hende det let seg gjera å finna ei enkel ordning for bolting dersom fleire går saman om det.

Dersom ei støtte står fárleg til, kan det henda at den må leggjast ned. I slike høve skal dei pårørande varslast på førehand og få ei frist til å retta støtta opp først.

Kjell Arne Norum



OPEN SAMTALEGRUPPE

Det er framleis mange som ikkje veit kva "OPEN SAMTALEGRUPPE" er, sjølv om det no er 1 1/2 år sidan den kom i gang. Den fyrste måndagen i månaden samlast vi på ulike stader i kommunen.

2. juni var nærare 30 personar samla i kjellaren i Ungdomshuset på Stamnes til samtale om emnet "Generasjonskløfta".

Johannes Nese og Trude Kallestad kom fram med tankar kring det å vera gammal og ung, og kvifor det kan verta problem mellom generasjonane. Dette vart så utgangspunkt for fleire innlegg. Sidan vart det samtale i smågrupper. Kaffi og noko å bita i vart det også.

Til slutt kom det fram ein konklusjon som vel kan seiast å stå som målet for samtalegruppa: - Vi kunne koma saman her, i Ungdomshuset, og møta nærleik og forståing hjå kvarandre trass i ulike generasjonar. Vi var



både kristne og andre som står meir fjernt frå kristne krinsar. Likevel oppdaga vi at vi kunne ha dei same tankane om mange ting. Dersom vi no kunne gå ut kvar i vår omgangskrins og fortelja om korleis vi har det desse måndagskveldane, kunne nok fleire få lyst til å vera med.

No vert det sommarferie, men til hausten samlast vi på Stanghelle 2. september kl.19.30. Då vil emnet vera prproblem som ein kan møta som foreldre/tenåringar.

GOD SOMMAR OG VEL MØTT ATT.

RT

Elias Blix – 150 år

SONG KRISTENDOMEN INN I FOLKET

Det er 150 år sidan salmediktaren/theologen/professoren/kyrkjestatsråden Elias Blix blei fødd. I NRK har det blitt halde eit minneprogram om salmediktaren. Der sa bl.a. prof. Reidar Djupedal: -Han sameina på ein ypperleg måte det kristelege og det nasjonale. Han var folkeleg og brukte ord og uttrykk frå dagleiv og natur frå Nordland som han elskar. Det var han som "kristna" landsmålet (nynorsken) og fekk det akseptert i kyrkje- og kyrkjelydsliv.

ALLEMANNSEIGE.

Dei fleste nordmenn vil kunne skrive under på at salmane til Blix er blitt allemannseige. Kva for ein salme kjener vi ved sidan av "Ja, vi elsker" av Bjørnson, - jau, det er "Gud signe vårt dyre fedreland" av Elias Blix. Var det ikkje ein fryd å synge "No linnar det i lundar" som åpning eller avslutning på ein skuledag, når det hadde byeja å drype av taket? "Kling no klokka" og "No koma Guds englar" er dei mest kjende julesalmane hans.

Dessutan har han skrive ei mengde salmar til tekstane i kyrkjeåret. I den nye salmeboka finn vi femti av Blix sine salmar. Blix døydde i 1902, men diktinga hans er fortsatt like livskraftig.

Nytt orgel i Flatekval kyrkje

Orgelet har lenge vore svært dårlig, og det synte seg uråd å finne reparatør til det. Difor såg me oss nøydde til å satse på eit nytt. Men det var "trange tider" i kommunekassa, så våre forslag til løyving til over budsjettet vart fleire år berre strokne. Me la saka fram i soknemøte, og det var stemning for å setja i gang innsamling av pengar som kunne vera eit puff til kommunen om å løyva t.d. 2/3 av kostnaden.

Me fekk og mandat i soknemøtet til å nytta før innsamla midlar og gåver som soknerådet styrer. Dette, saman meddet som kom inn i offer i kyrkja til føremålet, er no til saman over 90 000 kr., og med renter vil det verta 1/3 av kostnaden på ca. 290 000. Kommunen har løyvd 100 000 for 1986, og vil løyva 100 000 for 1987. Så etter at Kyrkjeleg fellesråd no har gjeve oss priorititet, er kjøpesummen sikra.

Organist Ragnvaldsen har vore vår forhandlar med fabrikanten. Kontrakt er no skrive, og dei vil koma med det nye orgelet i september.

G.T.

Orgelet har lenge vore svært dårlig, og det synte seg uråd å finne reparatør til det. Difor såg me oss nøydde til å satse på eit nytt. Men det var "trange tider" i kommunekassa, så våre forslag til løyving til over budsjettet vart fleire år berre strokne. Me la saka fram i soknemøte, og det var stemning for å setja i gang innsamling av pengar som kunne vera eit puff til kommunen om å løyva t.d. 2/3 av kostnaden.

Stor glede i Etiopia

Addis Abeba: 67 kirkeledere i provinsen Wollega i Etiopia, ble søndag 4. mai sluppet fri fra etiopiske fengsler. NMS-misjonærerne i Etiopia uttrykker stor glede over det som må er skjedd. De mener at frigivelsen kan innevære en positiv endring i de etiopiskemynnidighetenes holdning til kirken.

Fleire av kirkelederne har sittet fengslet siden 1980. Blant dem som ble løslatt 4. mai, var også den tidligere kirkepresidenten Olama Tamu. Han har sittet innesperret siden 1981.

Søndag 4. mai var dagen for markeringen av påske i Etiopia. Det var såldesens strategisk valgt dag for frigivelsen av kirkelederne.

(Norsk misjonstidene)

50 – årskonfirmantar i Vaksdal

Desse vart konfirmerete i Vaksdal kyrkje 27. september 1936:

Anders Herfindal
Anfinn Bertin Skulstad
Anton Tolås
Arnold Boge
Edvard Larsen
Johannes Herfindal
Johannes Martin Rongved
Knut Boge Aasen
Leif Sigvart Gjertin Knutsen
Obert Herfindal
Rikhard Sturtzel
Sigvald Herfindal
Toralf Ekse
Valter Eriksen
Astrid Marie Knutsen
Astrid Seim
Borghild Bjørsvik
Borghild Stammeshagen

Henny Olsnes
Ingeborg Herfendal
Lilly Pettersen
Maria Bolstad
Olivia Målfred Nancy Herfindal
Solveig Jacobsen
Sylvia Jacobsen
Synneva Lee
Valborg Hesjedal
Valborg Krogsrud

Sundag 28. september vert det gudssteneste i Vaksdal der 50-årskonfirmantane er særskild innbedne. Etterpå vert det festsamkome i bedehuset. Me vonar de vil setja av denne dagen, og nytta høvet til å treffast og minnast "gamle dagar".
Særskild innbyding vil koma i posten.

Vaksdal sokneråd



Hjemmene Dåpsring

DÅPSRING FOR HETMANE



Scint på hausten ein gong kjem ei stor og god hending. Eit særskilt tiltak for den kristne oppsedinga i heimen vil då verta ferdig. Det er laga som ei hjelpe til alle som vil fylgja opp løftet ved døypefonten.

Kort fortalt vert det slik:
Alle som abonnerar, vil få tilsendt 3 pakkar til borna sine kvart år, frå borna er 0 til dei er 6 år. Innhaldet er nøyde tilpassa alderen på barnet. Her får dei slikt som kan hjelpe dei til å tilegna seg kristen tru og torstääring. Dessutan finn dei enkelte solide og gode leiker, som er gode for barnet si utvikling. Her vert det bøker, kassettar, julekrubbe, teikne-

utstyr, bilete til å ha på veggen, puslespel, tøydokke - og mykje meir. Tre-fire ting i kvar sending, saman med ei vugleiring for foreldra.

Frå hausten tek dette opplegget til for dei som er 4 år. Etter 3 år er det fullt utbygd for alle frå 0 til 6 år. Vi kjem tilbake med meir stoff om dette seinare.

KIRKENS SOS
Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00



BARNESIDE

JESUS HØYRER NÅR DU BER.

Snakkar du med mor og far og vennene dine nokon gong? Sjølvsaqt gjer du det. Mor og far snakkar du sikkert med kvar dag.. Du har så mykje å fortelja dei og så mykje å spørja dei om.

Veit du at vi kan snakka med Jesus og? Det kallar vi å be. Jesus kan vi snakka med kor tid vi vil. Han har alltid tid å høyra på oss. Vi kan ikkje sjå Jesus med augo vüre, men han ser oss og veit om oss. Du kan seia alt til Jesus, både det som er kjekt og det som er leit og vansleleg.

Er det ikkje fint at Jesus er glad i oss og gjerne vil høyra på oss og hjelpa oss? Eg håpar du ber til Jesus.

MORGONBØN

Gud som har oss
småbarn kjær.
Sja til meg som
liten er. Hjelp
meg denne dag å
vera, snill og
god der Gud til
era. Amen.



KVELDSBØN

Nu lukker sef
mitt øye, o
Fader i det høye
i varetekta meg
ta. Fra synd,
fra sorg, fra fare
din engel meg be
vare, som ledet
har min fot idag,




Greter du å finna
rett svar? Prøv!
(Du finn svara på side 18)

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 1 | X | 2 |
| 1 | | | |
| 2 | | | |
| 3 | | | |
| 4 | | | |
| 5 | | | |

1. Kvar vart Jesus fødd? 1) Nasaret
x) Betlehem 2) Jerusalem
2. Kva heitte broren til Peter?
1) Johannes x) Tomas 2) Andreas.
3. Kor mange dagar er det mellom påske
og pinse? 1) 50 x) 40 2) 30
4. Kva heitte mora til Jesus? 1) Maria
x) Elisabeth 2) Martha
5. Kor mange læresveinar haude Jesus?
1) 10 x) 8 2) 12

God
SOMMAR!
Helsing
Reilun Skutveit



KONFIRMANTANE PÅ STAMNES 11. MAI 1986

1. rekkje frå venstre: Monica Balestrand, Linn Janka Lilletvedt, Mona Hårvik, Kjersti Kvamme
2. rekkje frå venstre: Res.kap. Norum, Trygve Brørvik, Rolf Grøsvik, Johnny Straume, John Helland
3. rekkje frå venstre: Geir Magne Gammervik, Trond Klausen, Rune Gullbrå, Jostein Hesjedal



KONFIRMANTANE I BERGSDALEN
25. MAI 1986

Fra venstre: Rune Vedå,
sokneprest Meidell,
Tor Henrik Fosse

DEN BORTKOMNE SONEN

4.-klassingane i Vaksdal har fått utdelt kvart sitt Nye Testamente. I samband med dette har Gudrun Boge Karlsen hatt nokre skuletimar med dei, der dei mellom anna gjekk igjennom forteljinga om den bortkomne sonen.


Heile klassen teikna til denne historia, og kyrkjebladet har fått ein bunke med flotte teikningar. Vi skulle gjerne ha trykt alle, men då trur eg vi måtte ha hatt eit heilt ekstranummer. Det var vanskeleg å velja ut dei teikningane som kjem her, men eg trur desse er dei som gjer seg best når dei vert trykte i svart/kvitt.

Mange takk skal de ha, alle saman.

Luk.15,11-32

Så sa Jesus: Det var ein gong ein mann som hadde to søner. Den yngste sa til far sin: "Far, lat meg få den delen av buet som fell på meg." Så skifte han eigedomen sin mellom dei. Ikkje mange dagane etter selde den yngste sonen alt sitt og drog til eit land langt borte. Der levde han eit vilt liv og

øydde opp alt det han åtte. Då han hadde sett alt over styr, vart det uår og svolt i landet, og han tok til å lida naud. Så gjekk han til ein av mennene der i landet og bad om arbeid, og mannen sende han ut på markene sine; der skulle han gjæta svin. Han ynskte berre å få metta seg med dei skolmane som grisane åt, for ingen gav han noko.



Diverre utan namn

Då gjekk han i seg sjølv og sa: "Kor mange leigekarar heime hjå far min har ikkje fullt opp av mat, og her går eg og svevt i hel! Eg vil ta i veg og gå heim til far min og seia: Far, eg

har synda mot himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast son din lenger. Men lat meg få vera som ein av leigekarane dine."

Så tok han i veg og gjekk heim til far sin. Medan han endå var langt borte, fekk faren sjå han, og han ynk-

ast inderleg. Han sprang imot han, kasta seg om halsen på han og kyste han.



Elin Fossdal

Då sa sonen: "Far, eg har synda mot himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast son din lenger." Men faren sa til tenarane: "Skunda dykk! Finn fram dei beste kleda og ha på han, og lat han få ein ring på fingeren og

skor på føtene. Hent så gjøkalven og slakt han, og lat oss halda måltid og vera glade. For denne sonen min var død og har vorte levande, han var bortkommen og er attfunnen." Og så tok gleda til.



Anette Jørgensen

Den eldste sonen var ute på marka. Då han gjekk heimetter og kom bort imot garden, høyrdes han spel og dans. Han ropa på ein av drengene og spurde kva dette skulle tyda. "Bror din er komen," svara han, "og far din har slakta gjøkalven fordi han fekk han frisk heim att." Då vart han arg og ville ikkje gå inn. Far hans kom ut og prøvde å overtala han. Men han svara: "No har eg tent deg i alle år, og aldri gjort imot det du sa. Men meg har du ikkje

gjeve så mykje som eit kje, så eg kunne halda fest saman med venene mine. Men når han kjem heim, denne son din, som har øydt opp pengane dine i lag med skjøkjer, då slaktar du gjøkalven åt han!" Då sa far hans: "Du er alltid hjå meg, guten min, og alt mitt er ditt. Men no skal vi vera glade og fegne. For denne bror din var død og har vorte levande, han var bortkommen og er attfunnen."

Vi held fram med å presentera dei nye sokneråda



Frå venstre: Kåre Magnar Trefall, Malena Eriksen, Ingvild Brønstad, Eldbjørg Nese (vararepr.)

EKSINGDALEN SOKNERÅD

I Eksingedalen er det verkeleg eit nytt sokneråd. Ingen av medlemene har erfaring frå slikt arbeid frå før. Arbeidet går mest ut på å utførte dei konkrete oppgåvane eit sokneråd er pålagt. Dei syter for stell av kyrkje og kyrkjegard, og det er deira oppgåve å fordela offer. "Mi kyrkjebok" vert utdelt til 4-åringane, og det hender det vert skipa til kyrkje-kaffi.

Med ein kyrkjesøkning på omkring 20-25 er vel Flatekval ein av våre minste kyrkjelydar.

Ellingsen signerer FYLT AV GLEDE



DALE SOKNERÅD

På spørsmål om kva som opptek det nye soknerådet på Dale, seier dei at dei arbeider for og vonar på eit kyrkje-lydhus på nabotomta til kyrkja. Elles prioriterar dei barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Mykje av dette arbeidet vert drive i Moses-huset. Det er soknerådet som disponerer dette huset til det skal rivast.



Sittande frå venstre: Reidun Læstad Dyvik, Eli Kringlebotten, Olly Sol-tvedt, Marie Brit Bjerke.
Ståande frå venstre: Arne Verpelstad (vararepr.), Inge Chr. Meidell, Lasse Vassenden.

Svein Ellingsens kjente däpsalme *Fylt av glede* er forløpig oversatt til seks språk. Og vi på IKO er litt stolte av vår bildebok ved samme navn – laget til salmen. Boka er blitt et lite kunstverk, og Svein Ellingsen, markerte dette ved å signere et spesialopplag på 500 eksemplarer. Disse er til salgs for en noe høyere pris enn resten av opplaget.

Boka er meget vel egnet som gave til däpsforeldre og andre som ønsker å stanse opp for däpens gave og mysterium. Som det heter i forlagets forord: For å gi hjelpe til ettertanke og fordypning har vi i samarbeid med forfatteren forsøkt å finne illustrasjoner og bibelord til teksten.

KR. 49,-

Misjonsstemne på Dale

Det festpynta forsamlingshuset på Dale vart mest fullsett av misjonskvinner 14. mai i år. Det årvisse misjonsstemnet for Det norske misjons-selskap i kommunen vart slått saman med feiring av 40-årsjubileet for Unges misjonsforening.

Karin-Johanne Rosvold opna festen og ynskte vel møtt.

Bjørg Bruknapp heldt hovudtalen over Fil.2,12-16.

Det var mykje allsong til godt tonefylgje av Gunvor Bjørsvik.

Det vart og tid til ein god matpause med flott servering.

Så vart 40-åringen presentert. Det hadde starta med at 9 jenter frå Dale hadde reist på barneleir i Hardanger. Desse kom oppglødde heim att og villa ta til med misjonsforening. Dei fekk god hjelpe og støtte hjå Brita Vassenden, som var lærar, men som dreiv både søndagsskule-, speidar- og misjonsarbeid. Både Brita Vassenden og fire av dei jentene som starta opp, var til stades på festen.

Mot slutten av festen fortalte Gunlaug



Fra venstre: Dora Gunnarson, Liv Stokke Sellevold, Brita Vassenden, Doris Tvedt og Kari Hægernes.

Bøyum frå sitt arbeid. Ho kjenner seg litt som Daling, for ho gjekk realskulen her. Men sidan det har ho reist vidt i kring. Og i den seinare tida har ho vore i Japan. Det var frå dette landet ho fortalte, og det var mykje ukjendt og interessant å høyra. – Og som det høver seg på eit skikkelig misjonsstemne vart det toki opp eit misjonsoffer, og kr. 3172, kunne sendast til NMS.

vi foreldre

NR 1/84
21. avgang
kr. 10

La de små barn komme

vi foreldre

Familiebladet
som deler glede
og gir råd ut fra
kristen tro.

Fint, men vanskelig
å være mor og far?

Hardt å være alene?

Vi foreldre tar opp
samlivsspørsmål


70,- kr
Bestilles fra IKO,
Munchsgt. 2, Oslo 1.

Sommar og tid for stemne



Her er nokre glimt frå to av stemna som er avvikla i vårt prestegjeld denne sommaren.

VASSBAKKEN – ein kjøleg maidag (Helgetorsdag)



FITJAVATNET – ein strålende sommardag i juni.

Konfirmantfest på Vaksdal



Her vil vi visa nokre glimt frå ein særskilt vellukka fest for årets konfirmantar på Vaksdal. Det var soknerådet som baud inn til festen, og mest alle konfirmantane møtte festkledde opp, i fylgje med mange foreldre. Fides song.

Talen vart halden av Svein Høysæter. Han er vikarprest i Bjørgvin, og var den som tok til med undervisninga av dette konfirmantkullet. Han hadde også seg gitaren sin. Det var nok mange som gledde seg over å sjå og høre Svein att.



Svein Høysæter

Kjell Arne Norum i ein noko uvand positur

Kjell Arne Norum var den som tok over konfirmantane i haust. Han er kommet for å bli her på Vaksdal. Og han tok del i programmet, først med ei underhaldningsavdeling, som fekk dei fleste til å sitja krøkte på stolane (sjå biletet). Seinare på kvelden syntet han ein tankevekkjande film om eit konfirmantkull, og kva dei gjorde med det dei hadde fått med seg frå konfirmanttida si.

Det var sjølvsgått ein pause med høve til forsyna seg frå eit imponerande kakebord.

Det var soknerådsformannen, Gudrun Boje Karlsen, som leia festen. Ho batt det heile fint saman, og hadde også ansvaret for ein engasjerande konkurransen.

Takk for ein fin kveld! Og til konfirmantane: Takk for at de møtta så mannsterke opp og gjorde festen til det den vart! Og tenk på kva du gjør med den bodskapen du vart møtt med på din konfirmasjonsdag!

ToMaN



KIRKEN SOS

SENTER FOR SAMTALE

ÅPENT KL. 1900 TIL 0700

KIRKENS SOS TRENGER FLERE MEDARBEIDERE. NOE FOR DEG?

Du må være en kristen, minst 22 år gammel og medlem av Den norske kirke eller Den evangelisk lutherske frikirke.

Før du går inn i tjenesten er du med på et 10 kvelders innføringskurs. Der tar vi opp de problemområdene vi oftest møter på telefonen. Våre medarbeidere er alle amatører. Vi ønsker først og fremst å lytte, være et medmenneske for den som trenger det. Vakttjenesten foregår i våre lokaler på Engen. Vi deler vakttiden i to, med kveldsvakt og nattevakt. Du er aldri alene på vakt. Åpningstiden er fra kl. 19.-07. Som medarbeider er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten.

I år trenger vi mange nye medarbeidere. Vi arbeider mot å kunne utvide åpnings-tiden, og vil da trenge en god utvidelse av "stabben". Vi vil gjerne ha medarbeidere i alle aldersgrupper, og vi ser gjerne at flere menn melder seg!

Dersom du er interessert - kontakt oss for videre opplysninger.
Tlf. 23 30 80, ma.-fre. kl. 11.-14.

Tjenesten er ulønnet.

Tennes og Stine



Godt lesestoff for borna

Illustrasjoner:
BORGHILD RUD



Kari Vinje: Gud og jeg er venner

LUTHER FORLAG

Denne boka av Kari Vinje høver godt til høgtlesing heilt fra småbørnsalder og opp til 8-9 år. Det er mykje samtale mellom Julie og mora og venene til Julie, og det er lett å kjenna att kjensler hjå seg sjølv både for born og vaksne. Det er ei glad bok med ein kristen bodskap. Her er forfattaren sine eigne ord:

Dette er ei bok om Gud og Jesus og himmelen. Om Julie også selvfolgelig, aller mest om Julie!

Så er det ei bok om mamma, for det er mamma som lærer Julie alt det hun har lyst til å vite om Gud. Mamma - det er mora til Julie, hun som heter Anna Antonsen. Faren til Julie får du ikke hilse på, for han er ikke hjemme. Derfor behøver du ikke vite navnet hans heller. Men hvis du forførdelig gjerne vil vite det likevel, så kan jeg fortelle at han heter Fredrik. Fredrik Antonsen.

Når du leser om Julie og mamma, kan det hende du tror at de snakker om Gud og Jesus bestandig. Men det gjør de selvfolgelig ikke.

Julie er med på mye annet også. Hun synger i et barnekor, hun er i byen sammen med mamma, hun er på besøk hos tante Ida og onkel Even, og hun leker med de andre barna som bor i Havrekleiva.

Men de tingene har jeg ikke skrevet om. Jeg har bare skrevet om de gangene Julie opplever noe som gjør henne bedre kjent med Gud.

Kari Vinje



Årets TV-aksjon går av stabelen søndag 19. oktober. Aksjonen er i 1986 til støtte for Kirkens Nødhjelps arbeid i ulike områder i vår verden.

"Hjelp uten grenser" er valgt som motto for aksjonen fordi det uttrykker det grensesprengende arbeid Kirkens Nødhjelp har drevet og fortsatt vil drive.

Utover dagen vil TV sende program som tar oss med til den 3. verden og til

vår norske verden. Blant annet for å følge noen av de ca. 80 000 bøssebærerne som vi regner vil være på vandring søndag 19. oktober om ettermiddagen.

På det lokale plan håper vi at fantasi og pågangsmot får fritt spillerom for å gjøre folk kjent med behovet for årets TV-aksjon.

Midlene får vi inn ved at samtlige ytterdører blir banket på denne ettermiddagen.

DU blir vel med som bøssebærer?

TAKK

...for mykje stoff og mange tips til dette nummeret!

Eg vil ynskje alle ein riktig god sommar, og vel møtt til hausten.

Men - gløym ikkje kyrkjebladet i ferien! Har du stoff eller idéar, so skriv eller ring til meg - innan 15. august.

Tove Margrete

Frå kyrkjebøkene

Døypte



DALE
01.06. Jeanette Langhelle
01.06. Sol-Kari Terjesen

VÅKSDAL
08.06. Christine Stanghelle Karlsen
08.06. Tony André Ulevik



Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 596120

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 597088

Hugs, måndagen er presten sin fridag!
Kontorassistenten kan treffast på kontoret på Dale måndagar kl 18-22
tlf. 596120

Vigde



BERGSDALEN

21.06. Agnar Ådland og Laila Stokkevåg

EIDSLAND

20.06. Kjell Inge Gullbrå og Kari Helen Jahren

STAMNES

15.05. Henrik Møster og Vigdis Brattebø

Avlidne



DALE

09.05. Brita Hop f.1911
17.05. Mons Stanghelle f.1893
22.05. Gjertina Christensen Lid f.1905
26.05. Ragnvald Strømme f.1901
07.06. Odd Arne Bergstø f.1970

STAMNES

18.06. Margit Bukkestein f.1947

VÅKSDAL

24.05. Harriet Astrid Jørgensen f.1931
09.06. Ole J. Olsnes f.1916

PREIKELISTE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD I TIDA 3.AUG.-23.NOV.1986

| mn. | dag | Stanghelle | Dale | Vaksdal | Stamnes | Eidsland | Eksingedalen | Nesheim | Bergsdalen |
|------|-----|--------------|----------------|--------------|----------------|----------------|-----------------|-------------|-------------|
| aug. | 3 | | M n 11.00. | | | | | | |
| " | 10 | | | | | | | | M 11.00. |
| " | 17 | | | N n 11.00 | N n 19.00 | | | | M n 11.00. |
| " | 24 | | N 11.00. | | | M n 11.00. | M n 16.00. | | |
| " | 31 | N Fam. 11.00 | | | M Fam.11.00. | | | | |
| sep. | 7 | | M k.p.11.00. | N k.p.11.00. | | | | | |
| " | 14 | | N og LN n19.00 | | | | | M Fam 11.00 | N Fam 11.00 |
| " | 21 | | | | N kp.Jub.11.00 | | M Ø Fam 16.00 | | |
| " | 27 | | | | | | NLA 20.00 | | |
| " | 28 | NLA 18.30 | Fam.NLA 11.00 | NLA 18.00 | Fam.NLA 16.30 | NLA 17.00. | NLA 11.00. | | |
| okt. | 5 | N n 18.00. | | | | N Fam kp 11.00 | | | |
| " | 12 | | N n 11.00. | | M n 17.00 | | | N n 16.00. | M n 11.00. |
| " | 19 | | | M n 11.00. | | | N n 11.00. | | |
| " | 26 | | M n 11.00. | | | | | | |
| nov. | 2 | | | N Fam 17.00. | N Fam 11.00. | N n 11.00. | M Salmekv.16.00 | | |
| " | 9 | | N Fam 11.00. | | | | M n 11.00. | | |
| " | 16 | | | M n 11.00. | | | | | N n 11.00. |
| " | 23 | M 11.00. | | | N n 11.00. | | N n 16.00. | | |

M = spr.Meidell

N = res.kap.Norum

LN = Leif Nesheim

Ø = prost Østtvit

Fam = Familiegudsteneste

n = nattverd

kp. = konfirmantpresentasjon

NLA = Norsk Lærarakademi

10.aug. Bergsdalsstamma

31.aug. Sundagsskulens dag på Stamnes og

Stanghelle

9.-14.sep. Aksjonsveke på Dale v/L Nesheim

14.sep. "Mi kyrkjebok" til fireåringar i Nesheim kyrkje

" " "Mi kyrkjebok "til fireåringar i Bergsd.Kyrkje

21. " 125 års-jubileum Stamnes kyrkje

" " Orgelvigsle i Eksingedalen kyrkje

" " NT til 4.-6. klasse i Eksingedalen kyrkje

28. " 50-års konfirmantfest på Vaksdal

" " "Mi kyrkjebok" til fireåringar i Dale kyrkje

7.-12.okt. Aksjonsveke i Bergsdalen v/A.Hjellvik

2.nov. "Mi kyrkjebok" til fireåringar i Vaksd.kyrkje

" " "Mi kyrkjebok" til fireåringar i Stamnes kyrkje

9 " NT til 5.klasse i Dale kyrkje

30 " " "Mi kyrkjebok" til fireåringar i Eidsl.kyrkje

Svar på oppgåva på Barnesida

| | | |
|---|---|---|
| 1 | X | 2 |
| 1 | | X |
| 2 | | |
| 3 | | X |
| 4 | X | |
| 5 | | X |

VELKOMEN TIL KYRKJE

13.juli - 8.sundag etter pinse.

EKSINGEDELEN k1.11.00. v/prost Fjose
nattverd.

VAKSDAL k1.11.00. v/res.kap.Norum.

20.juli - 9.sundag etter pinse

BERGSDALEN k1.11.00.v/rk.Norum.nattv.
EIDSLANDET k1.17.00.v/rk.Norum.nattv.

DALE k1.19.00.v/prost Fjose

27.juli - 10.sundag etter pinse.

STAMNES k1.11.00.v/sp. Meidell.nattv.
VAKSDAL k1.19.00.v/prost Fjose.nattv.

3.august - 11.sundag etter pinse

DALE k1.11.00.v/sp.Meidell nattv.

10.august - 12.sundag etter pinse

BERGSDALEN k1.11.00.v/sp Meidell.
Bergsdalsstemna.

17.august - 13.sundag etter pinse

VAKSDAL k1.11.00.v/rk.Norum. naftv.
STAMNES k1.19.00v/rk. Norum.nattv.
NESHEIM k1.11.00.v/sp.Meidell.nattv.



24.august - 14.sundag etter pinse.

DALE k1.11.00. v/rk.Norum.
EIDSLAND k1.11.00.v/sp.Meidell.nattv.
EKSINGEDELEN k1.16.00.v/sp.Meidell.nat

31.august - 15.sundag etter pinse.

STANGHELLE k1.11.00. Fam.gudst.v/Norum
Sundagsskulens dag.
STAMNES k1.11.00.Fam.gudst.v/Meidell
Sundagsskulens dag.

7.september - 16.sundag etter pinse

DALE k1.11.00.v/sp.Meidell.konfir-
mantpresentasjon
VAKSDAL k1.11.00.v/rk.Norum.konfir-
mantpresentasjon.

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 45,- (eller meir!)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597201

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597232

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese